

Voss Utferdslag



NVE, Konesjonsavdelinga,
Postboks 5091 Majorstua,
0301 OSLO

Dykkar referanse: 201005093-10
Saksnr:

Høyringsuttale Storagroe Kraftverk.

Voss Utferdslag har nedfelt i sine vedtekter at laget skal arbeida for å verna om naturen slik at komande generasjonar kan oppleva urørt natur. Av den grunn ynskjer laget å gje høyringsuttale om konsesjonssøknadene i Vossapakka.

I dette prosjektet vil mellom anna lage ein 1700m lang nedgraven røyrgate, inkludert overføring frå sideelv, som gjev stor fart på vatnet og reduserer naturleg absorbering. Dette vil være negativt for Teigdalselva og Evangervatnet som har kjente vanskar med flaum og erosjon. Delar av vassvegen det vert trong for eit ryddebelte på om lag 40meter skog i vesentleg grad, men forventa anleggsbreidde er 30 meter. I tillegg kjem dam, kabelgrøft og anleggsvegar.

Området ligg mellom to INON soner. Ein må prøve unngå inngripen i og nær inngrepsfrie soner. Her er potensielt tap av urørt natur, med inngripen i naturmangfaldet og dei konsekvensar det har for notid og framtid store. Ein må og ta inn over seg at utbyggingane kan være med å endre flaumbiletet i negativ retning då det å legge vatn i røyr og tunell vil være å lede det vekk frå naturleg miljø for absorbering. Større mengder vatn, med større fart vil påverke flaumbilete.

Influensområdet er nytta til friluftsliv, i hovudsak til turgåing om sommaren. Staden «utsikten», er eit kjent utsiktspunkt på bilvegen opp mot Nesheimsfjellet og er ein populær stad for dei som ferdast på vegen. Langs stien på austsida av Storegroe, har elva opplevingsverdi for turgåarar. Sår i naturen vil ikkje revegeterast raskt. Inngrepa er store med bygging av røyrgate, anleggsveg, anleggsplass, kabelgrøft, og kraftverk etc. Vannjolo, Tesgjolo og Gosland utbyggingane er eksempel på kor skjemma det vil bli visuelt og for friluftsliv.

Dei siste åra har det vore utøvd ein politikk som har redusert tilgangen på urørt natur her lokalt betrakteleg. Med bakgrunn i stor utbygging i vassdrag i Noreg, Vestlandet og området Voss kommune vil ein fråråde konsesjon til fleire. Dei forelagte søknadene gir liten effekt sett i forhold til dei negative konsekvensane av utbygging. Ein ber om at ein ser Voss Kommune under eitt, med konsekvensar for totalbiletet.

I området Voss er det mykje utbygging, og området Brekklus er allereie sterkt påverka av utbygging. Me tenker at det viktig å vektlegge kor viktig det er med urørt natur for mangfaldet, friluftsliv og rekreasjon. Voss Utferdslag tilrår at Storagroe kraftverk ikkje vert gjeven konsesjon.

Voss Utferdslag



Richard J. Jacobsen
Styreleiar

Toril Hunnålvatn
Dagleg leiar

Voss 09.03.2017